

GENEREKT

Ved innkreving av gebyr skal det **ikkje** reknast meirverdiavgift, jf. § 3-9 i meirverdiavgiftslova.

Unnataka gjeld ved gebyr i høve til:

- feiring, jf. lov om meirverdiavgift (meirverdiavgiftslova) § 4-2 (1) b
- vatn, avløp og renovasjon, jf. lov om meirverdiavgift § 4-2 (1) b

3. GEBYR FOR HANDSAMING OG KONTROLL AV MINDRE AVLØPSANLEGG

Heimel: *Lov av 13 mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova) § 52a, Forskrift av 01 juni 2004 nr. 931 om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta) § 11-4*

Vedtak: 85/22 datert 12. desember 2022

3.1 Ramme for gebyrutrekning

- Samla gebyrinntekter skal ikkje overstige kommunen sine naudsynte kostnadar for sakshandsaming og kontroll av mindre avløpsanlegg, men kan avreknaast over ein 4-års periode.
- Alle prisar skal det leggast til meirverdiavgift (mva.).

3.2 Sakshandsamingsgebyr

Sakshandsamingsgebyr skal betalast i form av eit eingongsgebyr ved handsaming av søknad om utsleppsløyve, endring/omgjering av utsleppsløyve eller ved melding etter lokal forskrift, jf. tabell 1.

Tabell 1. Gebyr utsleppsløyve	Søknad om utsleppsløyve etter kap. 12 *	Søknad om utsleppsløyve etter kap. 13 **
a. Søknad om utsleppsløyve	4000	8000
b. Mindre endring av utsleppsløyve	1500	2500
c. Melding etter lokal forskrift		

*Viser til forureiningsforskrifta. Kapittel 12 gjeld for utslepp av sanitært avløpsvann fra bustadhús, fritidsbustadar, turistbedriftar og liknande verksemd med utslepp mindre enn 50 pe. For verksemd som kun slepp ut gråvatn, gjeld dette kapittel berre dersom det er innlagt vatn.

** Viser til forureiningsforskrifta. Kapittel 13 gjeld for utslepp av kommunalt avløpsvann fra tettbygd område med samlet utslepp mindre enn 2000 pe til ferskvann, mindre enn 2000 pe til elvemunning eller mindre enn 10.000 pe til sjø. Kapittel 13 gjeld ikkje for utslepp av sanitært avløpsvann fra avløpsanlegg med utslepp mindre enn 50 pe.

Større endring/omgjering av utsleppsløyve følgjer same satsar som for søknad om utsleppsløyve.

3.3 Kontrollgebyr (årsgebyr)

Betaling av kontrollgebyr gjeld for alle avløpsanlegg som vert omfatta av forskrift om utslepp frå mindre avløpsanlegg

Inntil vidare vert det ikkje kravd årleg gebyr for kontroll av mindre avløpsanlegg.